



# KONTROLLUTVALET I VESTNES KOMMUNE

## MØTEPROTOKOLL

Møte nr: 3/18  
Møtedato: 9.5.2018  
Tid: Kl. 11.00 – kl. 14.35  
Møtestad: Formannskapssalen, Vestnes kommunehus  
Sak nr: 14/18 – 20/18  
Møteleiar: Stig Holmstrøm, leiar (Ap)  
Møtande medlemmer: Dagfinn Wiik (Pp)  
Frank Ove Belsvik (Frp)  
Birgit Torkildson Grotle (Ap)  
Forfall: Gro Ødegård (H)  
Ikkje møtt: Ingen  
Møtande vara: Lars Christian Fjørtoft (V)  
Frå sekretariatet: Jane Anita Aspen, daglig leder  
Frå revisjonen: Anne Oterhals, oppdragsansvarleg revisor (under sak 14/18-18/18)  
Av øvrige møtte: Tone Roaldsnes, administrasjonssjef (under OS 03/18, OS 04/18, sak 16/18-18/18)  
Greta Bjerke, kommunalsjef helse og omsorg (under OS 03/18)  
Nils Reimer Eidhammer, økonomirådgiver (under sak 16/18-18/18)

Leiaren ønska velkommen og leia møtet.

Det framkom ingen merknader til sakliste og innkalling.

### TIL HANDSAMING:

UTV. SAKSNR.	TITTEL
PS 14/18	GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11. APRIL 2018
PS 15/18	REFERAT OG ORIENTERINGAR
PS 16/18	REKNESKAPSREVISJON. PRESENTASJON ÅRSOPPGJER 2017
PS 17/18	VESTNES KOMMUNE. ÅRSREKNESKAP FOR 2017
PS 18/18	VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 1. KVARTAL 2018
PS 19/18	OPPFØLGINGSLISTE
PS 20/18	EVENTUELT

<b>PS 14/18</b>	<b>GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 11. APRIL 2018</b>
-----------------	---

### Kontrollutvalet sitt vedtak

Protokollen frå møte 11. april 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. Frank Ove Belsvik
2. Birgit Torkildson Grotle

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Frank Ove Belsvik og Birgit Torkildson Grotle vert peika ut til å underskrive protokollen frå møte 11.4.2018.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

Protokollen frå møte 11. april 2018 vert godkjend.

Til å signere protokollen vert valt:

1. ....
2. ....

<b>PS 15/18</b>	<b>REFERAT OG ORIENTERINGAR</b>
-----------------	---------------------------------

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Referat- og orienteringssakene vert teke til orientering.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

#### **Referatsaker:**

- RS 14/18      **Vestnes kommune – spørsmål frå kontrollutvalet – Brev datert 16.4.12018 frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal til kontrollutvalet i Vestnes kommune.**
- RS 15/18      **Utkast til protokoll frå årsmøte i ÅRIM – fredag 27. april 2018,**
- RS 16/18      **Innkalling til representantskapsmøte Møre og Romsdal Revisjon IKS 20.4.2018**
- RS 17/18      **Innkalling til eigarmøte Møre og Romsdal Revisjon IKS 20.4.2018**
- RS 18/18      **Protokoll frå representantskapsmøte Møre og Romsdal Revisjon IKS 20.4.2018**
- RS 19/18      **Protokoll frå eigarmøte Møre og Romsdal Revisjon IKS 20.4.2018.**
- RS 20/18      **Signerte dokument frå sluttmøte 27.4.2018 i Kommunerevisjonsdistrikt 2, frå Veslemøy E. Ellingard til medlemskommunane.**
- RS 21/18      **Protokoll frå styremøte i Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal 25.4.2018**
- RS 22/18      **Årsmelding 2017 – Kontrollutvalgssekretariatet for Romsdal.**

#### **Orienteringssaker:**

- OS 03/18      **Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune»**  
Kontrollutvalet hadde bedt om ei orientering om attståande arbeid med oppfølging av tilrådingane frå revisjonen.  
Kommunalsjef for helse og omsorg, Greta Bjerke, orienterte utvalet.

Bjerke opplyser at dei ikkje er heilt i mål. Når det gjeld oppfølging av tilråding nr. 1, så vart det i fjor haust lagt fram ei sak til kommunestyret, sak 72/2017, om helsestilstanden. Det vart då vedtatt at tilsvarande rapport skal leggest fram i 2020 med ei enno meir omfattande oversikt. Denne skal danne grunnlag for arbeid med Kommuneplanen sin samfunnsdel. I 2019 vert det då sett ned arbeidsgrupper som skal arbeide med dette, i denne samanheng vil det også bli arbeid med fora som folkehelseutval og planforum.

Det andre punktet som revisjonen rådde kontrollutvalet til å følgje opp, var knytt til avtalen mellom Vestnes kommune og Helse Møre og Romsdal HF og involvering av pasient- og brukarorganisasjonar for å sikre brukarmedverking. Greta Bjerke opplyser at den enkelt kommune ikkje sit i forhandlingar med Helseforetaket. I desse forhandlingane sit nokre som representerer kommunane. Dette er representantar frå rådmannsutvala. Det er også med brukarrepresentantar, som representerer brukarorganisasjonane. Det er med brukarrepresentantar både i det overordna samhandlingsfora og i det lokale samhandlingsutvalet.

Greta Bjerke opplyser at dei ønskjer å få til ei auka involvering av både eldreråd og rådet for funksjonshemma. Dette gjeld i fleire samanhengar, og ikkje berre knytt til samhandlingsreformen. Til dømes ved etablering av nytt helse- og velferdssenter.

OS 04/18

### **Barneventenesta – manglande oppfølging av tilsynsbesøk for fosterheimsborn**

På bakgrunn av oppslag i media knytt til landsomfattande statistikk over tilsynsbesøk for fosterheimsborn, så hadde utvalet bedt om ei orientering. Statistikken viste at fleire fosterheimsborn i Vestnes ikkje hadde fått så mange tilsynsbesøk som lova krev. Administrasjonssjef Tone Roaldsnes orienterte innleiingsvis utvalet om kva Lov om barneverntjenester og forskrift om fosterhjem seier om kommunen sitt ansvar knytt til born i fosterheimar. Kommunen har ansvar for å ha tilsyn med borna som bur i fosterheimar i kommunen, og til å rapportere tilbake til omsorgskommunen. Fosterheimskommunen har ansvar for å føre tilsyn så ofte som naudsynt, men minimum fire gonger i året. Barne- ungdoms- og familiedirektoratet (Bufdir) har laga ein rettleiar for tilsyn med born i fosterheimar. Det er kome eit krav om at tilsynspersonen er uavhengig av barnevernstenenesta og fosterforeldra. Tidlegare var det ofte personar i barnevernstenenesta som gjennomførte slike tilsynsoppgåver. Endringa førte til at ein måtte organisere dette på ein annan måte. I Vestnes kommune har ein organisert dette ved at ein person i PPT har tilsynsfunksjonen som 20 % av stillinga si.

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes viste utvalet Bufdir sin kommunemonitor for barnevern. Denne viser fleire indikatorar knytt til dekningsgrad og kapasitet, kvalitet, økonomi og bakgrunnsinformasjon. Her kan ein samanlikne Vestnes med andre kommunar, landet og fylket. Administrasjonssjefen meiner det er fleire indikatorar som det kan være grunn til å følgje opp nærare. Til dømes har Vestnes ein låg del born med hjelpetiltak i heimen, samstundes som del born som bur utanfor heimen (institusjon og fosterheim) er høgre enn snittet.

Adm.sjefen opplyser at for Vestnes kommune så var det 5 av 12 born som ikkje hadde nok tilsyn i fosterheim 1. halvår 2017. Noko som skuldast vakanse. 2. halvår hadde 10 av 11 born dei tilsyna dei skulle ha, medan for det siste barnet vart det gjort ei konkret vurdering om at ein ikkje skulle ha slikt tilsyn med vikar.

Frå 1. januar 2019 vert Vestnes kommune ein del av interkommunal barneventeneste saman med Aukra, Molde, Midsund og Eide kommune. Administrasjonssjefen understrekar at ein vil være sårbar i ein overgangsperiode ved ei slik verksemdsovertaking. Nokre medarbeidarar vil i ein slik situasjon søke seg anna arbeid.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

**Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tar revisjonen sin rapport frå årsoppgjeret 2017 til orientering.

Kontrollutvalet ber revisjonen melde tilbake til kontrollutvalet om merknadar og forslag til forbetringar blir følgt opp av administrasjonen.

**Kontrollutvalet si handsaming**

Oppdragsansvarlig revisor, Anne Oterhals, presenterte rapport frå årsoppgjeret 2017. Revisor gav ei oversikt over kva som er utført av arbeid, og funn knytt til oppfølgingspunkt frå revisjonen 2016, risikopunkt i plan for 2017 og nye oppfølgingspunkt.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

**Kontrollutvalet si fråsegn**

Kontrollutvalet har i møte 9.5.2018, sak 17/18, handsama Vestnes kommune sin årsrekneskap for 2017.

Grunnlaget for handsaminga har vore årsrekneskapen for 2017, administrasjonssjefen si årsmelding for 2017, revisjonsmelding av 15. april 2018 og nummerert brev nr. 1/2018. I tillegg har revisjonen og administrasjonssjef/økonomisjef supplert utvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar.

Årsrekneskapen inneheld dei oppstillingane som lovkrava seier at rekneskapen skal innehalde. Årsrekneskapen er avlagt 15.2.2018 av rådmann og rekneskapsansvarleg i Molde kommune som Vestnes kjøper rekneskapstenester frå.

Vestnes kommune sin rekneskap for 2017 viser kr 466 320 355.- til fordeling til drift og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på kr 4 162 715.-. Netto driftsresultat er kr 4 610 995.-. Avsett til disposisjonsfond er kr 3 309 031.-.

Kontrollutvalet har merka seg at netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter er på 0,9 % og ligg godt under fylkesmannen sitt måltal på 1,75 %. Disposisjonsfondet er på berre 1,4 % av brutto driftsinntekter. Fylkesmannen sitt måltal er på minimum 4 %.

Kommunen står føre fleire store investeringar, og for å kunne takle ei auke i lånerente er det viktig at kommunen har ein god margin å gå på i netto driftsresultat og også ein buffer i eit disposisjonsfond.

Etter revisjonen si vurdering er årsrekneskapen avlagt i samsvar med lov og forskrifter og god kommunal rekneskapsskikk.

I revisjonen sin uttale om øvrige lovmessige krav, så er det ein merknad til at driftsbudsjettet ikkje vart vedtatt i balanse slik budsjettforskrifta § 5 seier. Det er også skive eit nummerert brev om dette.

Etter utvalet sin gjennomgang av rekneskap, årsmelding og revisor si melding, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen gir eit forsvarleg uttrykk for resultatet av Vestnes kommune si verksemd og for kommunen sin økonomiske stilling pr. 31.12.2017.

Kontrollutvalet rår til at kommunestyret godkjenner årsrekneskapen for Vestnes kommune for 2017 slik den er avlagt.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes orienterte og svarte på spørsmål frå utvalet.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

<b>PS 18/18</b>	<b>VESTNES KOMMUNE. DRIFTSRAPPORT PR. 1. KVARTAL 2018</b>
-----------------	---

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

Kontrollutvalet tek driftsrapport pr. 1. kvartal 2018 til orientering.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Administrasjonssjef Tone Roaldsnes og økonomirådgjevar Nils Eidhammer svarte på spørsmål frå utvalet.

Administrasjonssjefen vurderer at det er litt for tidleg å gjere budsjettkorrigeringar. Det er framleis stor utsikkerhet i forhold til inntekter, men innstramminga som er gjort knytt til refusjon for ressurskrevjande tenester vil føre til at kommunen vil motta mindre refusjon enn budsjettet.

Roaldsnes viste til at tilsynet som var omtalt i driftsrapporten med kommunen som miljøvernmyndighet var eit dokumenttilsyn der det ikkje føreligg nokon tilsynsrapport. Utvalet ønskjer at korrespondansen mellom fylkesmannen og kommunen blir sendt sekretariatet, slik at den kan leggest fram som referatsak i neste møte. Utvalet ønskjer også å få tilsendt rapport etter tilsyn med grunnskoleopplæringa for vaksne i Vestnes når den ligg føre.

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med sekretariatet si tilråding. (5 voterande)

<b>PS 19/18</b>	<b>OPPFØLGINGSLISTE</b>
-----------------	-------------------------

### **Kontrollutvalet sitt vedtak**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

**Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune**  
Kontrollutvalet vedtok i møte 13.12.13 å bestille forvaltningsrevisjonsprosjektet «Samhandlingsreformen i Vestnes kommune». Prosjektplanen vart handsama i møte 08.09.14 sak 26/14. Rapporten vart lagt fram møte 24.06.15 sak PS 18/15. Oppfølging av rapporten er venta våren 2017.

**09.05.18:** Kommunalsjef Greta Bjerke orienterte utvalet om attstående arbeid, jf. OS 03/18. Utvalet ønskjer å følgje opp det vider arbeidet knytt til tilråding nr. 1.

### **Kontrollutvalet si handsaming**

Leiar gjekk i gjennom dei sakene som står i oppfølgingslista.

Til dette møtet var det lagt opp til orientering frå administrasjonen knytt til:

- **Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapporten «Samhandlingsreformen Vestnes kommune**

Administrasjonssjef kommunalsjef Grete Bjerke orienterte.

Det vart ikkje fremja forslag om å føre opp nye saker på oppfølgingslista:

Kontrollutvalet fatta samrøystes vedtak i samsvar med felles forslag frå utvalet sine medlemmer. (5 voterande)

### **Sekretariatet si tilråding**

I oppfølgingslista vert det gjort følgjande endringar:

<b>PS 20/18</b>	<b>EVENTUELT</b>
-----------------	------------------

### **Tiltaksplan 2018 Kontrollutvalet i Vestnes kommune**

Utvalet gjekk gjennom tiltaksplanen.

#### Konklusjon

Det vart gjort følgjande korrigeringar i planen:

*Oppgåver knytt til tilsyn med forvaltninga*

26.11.18 – Verksemdsbesøk Tomrefjord skule

#### **ÅRIM**

Utvalsmedlem Dagfinn Wiik opplyste at kommunen sin representant i representantskapsmøte i ÅRIM vil ta opp den sprikande informasjonen som er gjeve frå ÅRIM knytt til om det var høve til å stemme over deler av strategi for selskapet, eller om ein måtte stemme over heile strategien samla.

#### **Ørskogfjell skisenter AS**

Utvalsmedlem Dagfinn Wiik stiller spørsmål om utvalet bør sjå nærare på saka om avtalen mellom Vestnes kommune og Ørskogfjell skilag om overføring av aksjar. Var saka grundig nok belyst med omsyn til dei forpliktingar kommunen tek på seg for framtida? Var det utgreidd alternativ til avtalen, og verknad av avtalen for kommune?

#### Kontrollutvalet si behandling

Utvalet drøfta om dette var ei sak kontrollutvalet burde sjå nærare på.

#### Konklusjon

Utvalet skal ikkje vurdere om eit vedtak kommunestyret gjer er hensiktsmessig. Utvalet vurderer at kommunestyret er informert om at Vestnes kommune har forpliktingar til grunneigar knytt til demontering og fjerning av anlegget om drifta vert avvikla. Administrasjonssjefen har også i note til Årsrekneskap 2017 skrive at dette kan bli ein betydeleg sum. Utvalet ser difor ikkje at det er grunnlag for utvalet å vurdere denne saka nærare.

Stig Holmstrøm  
leiar

Dagfinn Wiik

Birgit Torkilson Grotle

Frank Ove Belsvik

Lars Christian Fjørtoft

Jane Anita Aspen  
sekretær